

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2.

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Tresjord

Emne: Transport av høg

Bygdelag: Tresjordbygda

Oppskr. av: Hans Skeidvoll - 79 år -

Gard: Skeidvoll

(adresse): Tresjord

G.nr. 16 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. I gammal tid var det nok berre eitt gardbruk på kvar stad og ofta langt millom dei. Det var berre åkrane og ein liten del slåtteland som då var innhegna og var kalla åkerböen. Utafør der gjekk buskapsen høi og var på böbite. Innafør åkerjarden stod gjerne kamnesjane langt utover seine høsten fyrr dei vart turre, so buskapsen kunne kje gå der.
- Bruk var det alltid heim til turet (til det vart utskifting og utflytting) for alle dyr lautt havart inn i heimefjosen om natti for å berga dei for overgesdyr.
- Når ein slik ettegard vart delt millom systkin, i like eller ulike partar, vart det anten sambruk like vel eller drift kvar for seg. Nyttå gjerne same høsi til det vart bygd attåt dei gamle eller bygd nye smått i senn. - Utjarden mot hamnegangen vart ofta flytta ut her og der det høvde (nye innlegg) etter kvart det trøngst meir vinterfôr. Like eins hev her vore rydding og brenning av skog og lyngmarker for å få meir slåtteland. Det finnst endå namn som tyder på det. Og slikt arbeid var nok alltid gjort som samarbeid: dugnad.
- For ei 100 år sidan slo gardbrukarane i utmarkane kvar dei vilde når dei var serdige med hinn slått - og køyde graset heim på slede røtt.

Her var nögdde tenarkhjelp då og hestar ha dei fleire av på gardane. Men etter kvart det var, nedsett "hüsmenn" overtok dei ringaste skrapslåtten. - I ütmarki slar ingen no, - og på myrane i saterhamningane er det vistnok og slitt. - Hüsmenn er her ikkje meir. Det er soleis berre ein og annan parsell-eigaren av den "gamle skule" no som slar slike skrapslått. Denne drifti her minke litt om senn desse siste 50-60 åri av di det var ulönsamt.

Höyet frå fjellslåttona köyrde dei heim på vinterföret, smae som store brükarar og helst på den måten, at dei tönde ei löe med ein gong på voni om det vart snöstorm til neste dag - elles sätk gjerne löa full av snö. Like eins med höystakken. Dette hjälpearbeidet kunne vera som "düna" eller "bytarbeid".

2. Bering av höy til türkeplass her ikkje vore brükt utan det var mot bakken eller ulendt, so det var uråd, anten å dra sloe eller rülle meis. Då brüktest gjerne kjeppband vess det var kort veg å bera. Smävaste måten då var å leggja eit fanga höy oppå bandet, setja seg med, ta risenden fyrst inntil ryggen og so ta den stive enden oppå aksla og halde godt åt. Türhöy var og av og til bore i tog (snöre), - ei trü kjemmo i böra og godt oppå nakken. Var godt å ha einkvann bake å lette opp under böra om ein ikkje ha ei tue å leggja böra på. Ei 3-4 slike börer var ofta rekna for eit hestelass. For å få türhöyet eller säthöyet til löa eller türkeplassen brüktest mest sloe, men dei som ha äyke slolarste på sleden. Sloe og meis var mest brükt av dei som ikkje ha äyke. Når dei köyrde rätt höy til türkeplassen kalla dei det å "kjöyre fram på". Rätt höy er tungt å

dra på sloe om det er nokre brattlendt og. Når det kom i sator etter ein høytensdag vart det palag ei 4-5 sator av ei rødhøysloe, - og til eit hestelass rekna dei 24 sator. - Sloe lasste me på den måten, at me laga store, trauite kjemmo med rivin og la på gramate tre eller fire i langd attover bjørke, orne etter so lange dei var, trakka dei godt ned - og so ei my flo. Tre flona var av litt mindre kjemmo - serleg baka. Det hev og vore brukt hest til å dra sloe. Då hoggde dei større bjørker og brukte leggen til skjeker. Ei slik drage vart eit vanleg vinterlass, - og so var det den fordelan at åpkjen slapp dra slede opp bakkane att. -

Kjeppeband var ei lang, mjuk bjørkagrein ihopknytt i risenden, - eller til sett brukt utan å vera ihopknytt.

Born, store som minder, var alltid med i slattearbeid for, - men det var (og er) berre karfolk som brukar ljåen her og kvinnfolki riva.

Her hev vore brukt meis i gamall tid bonde av vordne bjørkavie (rotskud ei nokre år gamle etter som voksteren kunne vera). Men eg hev berre høyrte om det. Derimot hev tög bonde palag som storlendt torskegarn og av grovleik som grovt fiskesnøre vore i bruk utgjennom åri.

Løypestreng hev ikkje vore brukt til anna <sup>annan</sup> en nedsending av mjølkespann frå nokre setrar no i seinare tid.

3. Før i tidi var her ikkje hjulbreidskap og difor var det berre høyet nore heime dei køyrde heim om sūmaren. Dei laut ordna seg med utlør for heimkøying av høyet om vinteren. Ei lœe i kvart slatte var vanleg. Like eins til fjells, men der var av og brukt stakk ardi fjellfœret (sjeinå) tåler betre regnvœret en det høyet som veks i skoglidenne.

4. I fyrste halvdel av fyre hundradår var

det til å sko sledemellane med jarn for vinterbruk. Sømarsledane var og vart uskodde. Og i dei tider gjorde også høyvogna (eller langvogna som ho og kallast) sett inn tog. Onnør høyvognstype her ikkje vore brukt her syne no i seinare år dei tok til med firehjula høyvogn. - Lengda på ei vanleg høyvogn er 2,66 m. (skåkeromet då ikkje medrekna) og breidda 1,25 m. Sledelengda 2,44 m. og breidda 0,83 m. Fyra i tidi var nok både høyvogn og høyslede litt kortare men heller breidare.

Her var ikkje reglar for kva køyereidskap ein brukte på vegane, - heller ikkje reglar eller "trü" som knytte seg til siste lasset - det eg veit.

Når me lasste høy om sümaren på vogn eller slede, so kjemde me store og trauste kjømme med riven og dertil ha me jarnaste ein mann som tok mot og trakka. So jörra me med høytong og tangsim. Var det ujarnne vegar og langt å köyra, so sette me omkring lasset eitt eller og tvo råssmåreip (med hovd i eine enden sjølv sagt). Vinterlasset berre trakka me på so breidts og høgt det gjekk an, jörra nedet tongja, og imedan ha me ein mann oppå som "knefor" lasset etter alle künstens reglar - og dertil jörra med tvo reip ründt passeleg millom kvart. På slike lass var det nok ei 2-3 hündrad kj. høy. Pålag same høy-mengd tek langvogna med grindar på no når det er godt trakka.

Her hev alltid vore brukt berre ein hest til lasset som vanleg gardsköyting. Serimot i eit knipetak som bröyting med snöplozen var både tvo og tri hestar brukt - då helst som "förspann".

Felleslåtth er ikkje segn om, men det hev

utvilsomt vore. Men ho mor fortalde at karann slo seinhaustes fram på myrå : i heimhamni (sidan dei var ferdig med hinn slåtten) og køyde gras et heim på slede røtt. Det var sams beite. Slo at seg dar dei vilde.

Dei vann ikkje meir en ein vending om dag når dei køyde fjellhøyet. - Dei som nytta same vegen hjøptest at med å brøyte opp, kloppe grøver, måke skavlar og trakke vegen so han fræus til og bar åykjen.

So bar det gjerne til med "duna"-køyning: folk frå andre gardar hjøppte til medan vegen var open.

6. No for tidi se det pålag slutt med høykøyning om vinteren avdi utslåttane - som ulønnsam drift - so komme under fasett at.

Skal eg koma inn på kor vinterarbeidet gjekk syre seg i dei tider det var rekna for lønsam drift å kravla med all denne småhøyslatten, so se det snart å seia, det var like strenge arbeidsdagar om vinteren som i dei travle onnetider om sumaren.

Dei tok til køyne heim høyet frå heimeslatta so snart det det vart snøføre til det fyre júl. Då sto karane opp kl. 5 og gav hestane mat, gjekk so på låven og trøska "otte" til frukost. Då fyrst fekk dei mat, køyde so ein vending høy og kom heim i mørkingi pålag. Fekk då andre matmålet, gjekk so på låven og trøska til kl. 10 om kvelden. Det var berre tri matmål vinterhalvåret, difor laut dei tröske på fastande hjarta fyre frukost.

Nøyta tidi laut dei, for det var mykje arbeid å tröske med sloge ei 70-80 tunnor korn i otta og kvedseta - og som oftaste ha dei ikkje onnor tid til det. Det var elles tradisjon at kornet skulde or halmen til júl, elles resikerte tröskekarane å måtte liggja i halmestålet júlatta - som tort og sveie for latskapen.